

KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSavgjerd (EU) 2016/169**2018/EØS/79/02****av 5. februar 2016****om endring av avgjerd 2010/221/EU med omsyn til nasjonale tiltak for å hindre at visse sjukdommar hjå vassdyr vert innførte til Irland, Finland, Sverige og Det sameinte kongeriket***[meld under nummeret K(2016) 605](*)*

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til rådsdirektiv 2006/88/EF av 24. oktober 2006 om helse- og hygienekrav til akvakulturdyr og -produkter og om forebygging og bekjempelse av visse sykdommer hos vanddyr⁽¹⁾, særleg artikkel 43 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Etter kommisjonsavgjerd 2010/221/EU⁽²⁾ kan visse medlemsstatar nytte restriksjonar på omsetning og import av sendingar med vassdyr for å unngå innførsel av visse sjukdommar til territoriet sitt, på det vilkåret at dei har prova at territoriet deira eller visse avgrensa område av territoriet er frie for slike sjukdommar, eller at dei har innført eit utryddings- eller overvåkingsprogram for å oppnå dette. Medlemsstatar som har innført eit godkjent utryddingsprogram for ein eller fleire av desse sjukdommane, kan i samsvar med artikkel 3 nr. 2 i den nemnde avgjerda nytte restriksjonar på omsetning og import med omsyn til desse sjukdommane berre fram til 31. desember 2015.
- 2) I samsvar med avgjerd 2010/221/EU skal dei medlemsstatane og delane av medlemsstatane som er oppførte i vedlegg I til den nemnde avgjerda, reknast som frie for dei sjukdommane som er oppførte i det vedlegget. Ved den same avgjerda vart i tillegg dei utryddingsprogramma som visse medlemsstatar har vedteke, godkjende med omsyn til dei områda og dei sjukdommane som er oppførte i vedlegg II til avgjerda. Ved den nemnde avgjerda vart òg overvåkingsprogramma for østersherpesvirus 1 μvar (OshV-1 μvar) som visse medlemsstatar har vedteke, godkjende med omsyn til områda i vedlegg III til avgjerda.
- 3) Finland har i samsvar med artikkel 43 i direktiv 2006/88/EF sendt inn ein søknad til Kommisjonen om godkjenning av restriksjonar på omsetning og import av sendingar med vassdyr for å unngå at salmonid alfavirus (SAV) vert innført til dei finske fastlandssonene. Hovudgrunnen til at Finland søkjer, er at SAV kan føre til alvorlege fiskesjukdommar som pankreassjukdom (PD) og sovesjuke (SD) hjå mottakelege artar. Desse sjukdommane vert lett overførte og har vist seg å føre til store tap særleg for oppdrettsanlegg for atlantehavslaks (*Salmo salar*), men setnadene av regnbogeure (*Oncorhynchus mykiss*) og aure (*Salmo trutta*) kan òg verte råka hardt. Finland har ein vesentleg årleg produksjon av desse artane, med oppdrett både for næringsmiddelproduksjon og kultivering. Desse artane må vernast mot innførsel av SAV.
- 4) Infeksjon med SAV er definert i Verdsdyrehelseorganisasjonens (OIE) helseregelverk for vassdyr som ein infeksjon med ein undertype av SAV frå slekta alfavirus i *Togaviridae*-familien. Slike infeksjonar er meldepliktige til OIE sidan 2014, og diagnostiske metodar for å påvise og identifisere det sjukdomsframkallande stoffet er førte opp i Verdsdyrehelseorganisasjonens vassdyrhandbok (OIEs vassdyrhandbok). Vassdyrhandboka inneheld òg særskilde tilrådingar om korleis oppnå og halde ved lag statusen som sjukdomsfri med omsyn til SAV, og om import og transitt for vassdyr og vassdyrprodukt frå ein stat som ikkje er godkjend som fri for infeksjonar med SAV.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 32 av 9.2.2016, s. 158, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 105/2016 av 3. juni 2016 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 76 av 23.11.2017, s. 3.

(1) TEU L 328 av 24.11.2006, s. 14.

(2) Kommisjonsavgjerd 2010/221/EU av 15. april 2010 om godkjenning av nasjonale tiltak for avgrensing av verknaden av visse sjukdommar hjå akvakulturdyr og viltlevande vassdyr i samsvar med artikkel 43 i rådsdirektiv 2006/88/EF (TEU L 98 av 24.4.2010, s. 7).

- 5) Finland har lagt fram opplysningar som gjer greie for dei systema dei har for kontroll og obligatorisk melding av sjukdom hjå vassdyr, og vidare for dei overvakingssystema som er innførte for å dokumentere kva fastlandssoner i Finland som er frie for SAV. Desse opplysningane stadfestar at det har vore passiv overvaking av SAV sidan sjukdommen vart gjort meldepliktig etter finsk lovgjeving i 2010, og målretta overvaking i ein periode på to år frå 2013 til 2014, begge ved bruk av diagnostiske metodar i samsvar med OIEs vassdyrhandbok, og støttar opp om vurderinga av fastlandssonene i Finland som frie for SAV.
- 6) Vidare har Finland lagt fram opplysningar som gjer greie for den epidemiologiske situasjonen med omsyn til SAV i dei nedbørfelta som Finland deler med Noreg, Sverige og Russland, og dei biotryggleikstiltaka som er innførte for å hindre ei eventuell overføring av SAV frå kystområda til fastlandsområda i Finland. Desse opplysningane viser at dei tiltaka som er sette i verk, er i samsvar med tilrådingane frå OIE, og dei støttar følgjeleg òg opp om synspunktet om at fastlandssonene i Finland kan reknast som frie for SAV.
- 7) På bakgrunn av OIEs godkjenning av SAV som ein alvorleg infeksjonssjukdom som rammar visse artar av laksefisk, opplysningane frå Finland om den noverande helsestatusen med omsyn til SAV og dei moglege økonomiske og miljømessige følgjene av at SAV vert innført til fastlandssonene i Finland, er det grunn til å godkjenne søknaden om å ta i bruk visse restriksjonar på omsetning og import i samsvar med artikkel 43 i direktiv 2006/88/EF for å hindre innførsel av SAV. Salmonid alfavirus (SAV) bør difor førast opp i vedlegg I til avgjerd 2010/221/EU for fastlandssonene til Finland.
- 8) Det sameinte kongeriket medrekna territoriet til Storbritannia er ført opp i vedlegg I til avgjerd 2010/221/EU som ei sone som er fri for OsHV-1 μ Var, bortsett frå Whitstable Bay i Kent, Blackwater Estuary og River Crouch i Essex og Poole Harbour i Dorset.
- 9) Det sameinte kongeriket har meldt frå til Kommissjonen at OsHV-1 μ Var nyleg er påvist i River Roach i Essex og i eit område utanfor Whitstable Bay på nordkysten av Kent. På bakgrunn av ei epidemiologisk evaluering etter påvisinga i River Roach er det segmentet i Essex som ikkje er sjukdomsfritt, utvida til å omfatte dei segmenta i Blackwater og River Colne som i dag ikkje er sjukdomsfrie. Til slutt har Det sameinte kongeriket meldt frå om påvising av OsHV-1 μ Var i River Teign i Devon. Desse områda bør difor ikkje lenger vere godkjende som frie for denne sjukdommen. Den geografiske avgrensinga av det territoriet til Det sameinte kongeriket som er godkjent som fritt for OsHV-1 μ Var, bør difor endrast.
- 10) Fastlandssona til territoriet til Sverige er oppført i vedlegg II til avgjerd 2010/221/EU som eit territorium som har eit godkjent program for utrydding av bakteriell nyresjuke (BKD). Kystområda til territoriet til Sverige er oppførte i det nemnde vedlegget som område som har eit godkjent program for utrydding av infeksjøs pankreasnekrose (IPN).
- 11) Sverige har meldt frå til Kommissjonen om at i løpet av dei siste tre åra med overvaking i dei områda som er omfatta av det godkjende utryddingsprogrammet, er det fem anlegg som har hatt positivt prøveresultat med omsyn til BKD. Desse anlegga er no omfatta av nedkjempings- og utryddingstiltak for å oppnå status som sjukdomsfrie. For å følgje opp desse anlegga og gjere ei samla vurdering av BKD-programmet har Sverige bede om ei lenging av den perioden der dei kan nytte visse restriksjonar på omsetning og import med omsyn til denne sjukdommen, i samsvar med avgjerd 2010/221/EU. På bakgrunn av resultatane frå programmet er ei slik lenging føremålstenleg.
- 12) Med omsyn til IPN har både Finland og Sverige tidlegare bede Kommissjonen om ei vurdering av den vidare planen med og verkeområdet for overvaking- og utryddingsprogramma for denne sjukdommen. I dag omfattar definisjonen av IPN alle genogrupper av IPN. Av IPN-virusstammar er det berre genogruppe 5 som er påvist å vere årsak til død og kliniske sjukdommar hjå oppdrettslaksefisk i Europa. Andre genogrupper bør difor ikkje omfattast av desse utryddingsprogramma. Ei avgjerd i dette spørsmålet kan likevel berre takast på grunnlag av ei omfattande vitenskapleg vurdering. Det er ikkje gjort ei slik vurdering så langt. Inntil ei slik vurdering ligg føre, bør det IPN-programmet som Sverige har sett i gang, lengjast, og følgjeleg òg høvet til å nytte restriksjonar på omsetning og import som fastsett i avgjerd 2010/221/EU.
- 13) Kommissjonen vil innanfor ramma av det planlagde nye EU-regelverket for dyrehelse gjere vurderingar med omsyn til overførbare dyresjukdommar som kan verte omfatta av nasjonale tiltak. På bakgrunn av dette bør den tidsfristen som er fastsett i artikkel 3 nr. 2 i avgjerd 2010/221/EU for å kunne nytte visse nasjonale tiltak, lengjast fram til desse vurderingane er gjorde og det nye EU-regelverket tek til å gjelde.

- 14) I vedlegg III til avgjerd 2010/221/EU er det på territoriet til Irland ført opp sju segment som har eit godkjent program for overvaking av OsHV-1 μ var. Irland har nyleg informert Kommissjonen om at OsHV-1 μ Var er påvist i Gweebarra Bay (segment 2) og Kenmare Bay (segment 7). Desse segmenta bør difor gå ut av lista over område i vedlegg III.
- 15) Irland har vidare sendt inn ei fråsegn om statusen «sjukdomsfri» med omsyn til OsHV-1 μ Var for dei resterande fem segmenta som er oppførte i vedlegg III til avgjerd 2010/221/EU, og for eit nytt segment A: Tralee Bay Hatchery. Den nemnde fråsegna oppfyller dei krava til fråsegner om sjukdomsfrie område som er fastsette i direktiv 2006/88/EF. Følgjande segment på territoriet til Irland bør difor reknast som frie for OsHV-1 μ Var og følgeleg førast opp i vedlegg I til avgjerd 2010/221/EU: Segment 1: Sheephaven Bay, segment 3: Killala Bay, Broadhaven Bay og Blacksod Bay, segment 4: Streamstown Bay, segment 5: Bertraghboy Bay og Galway Bay, segment 6: Poulnashaary Bay og segment A: Tralee Bay Hatchery.
- 16) Etersom fråsegna frå Irland viser at alle dei fem resterande segmenta som er førte opp i vedlegg III til avgjerd 2010/221/EU, er sjukdomsfrie, skal det overvakingssystemet for OsHV-1 μ Var som skal vise at segmenta er sjukdomsfrie i samsvar med det nemnde vedlegget, ikkje lenger gjelde for dei irske segmenta som er oppførte. Posten for Irland i vedlegg III bør difor gå ut.
- 17) Ved artikkel 3 nr. 2 i avgjerd 2010/221/EU vert det tidsrommet der medlemsstatane kan nytte visse nasjonale tiltak i samsvar med artikkel 43 i direktiv 2006/88/EF, avgrensa fram til 31. desember 2015. For å unngå avbrot i iverksetjinga av desse tiltaka, bør dei framlagde endringane nyttast frå 1. januar 2016.
- 18) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for planter, dyr, næringsmiddel og før —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I artikkel 3 nr. 2 i avgjerd 2010/221/EU vert datoen «31. desember 2015» bytt ut med «1. juli 2021».

Artikkel 2

Vedlegg I og III til avgjerd 2010/221/EU vert bytt ut med teksta i vedlegget til denne avgjerda.

Artikkel 3

Denne avgjerda skal nyttast frå 1. januar 2016.

Artikkel 4

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 5. februar 2016.

For Kommissjonen

Vytenis ANDRIUKAITIS

Medlem av Kommissjonen

VEDLEGG

I avgjerd 2010/221/EU vert det gjort følgjande endringar:

1) Vedlegg I til avgjerd 2010/221/EU skal lyde:

«VEDLEGG I

Medlemsstatar og område i medlemsstatar som er rekna som frie for dei sjukdommane som er oppførte i tabellen, og som er godkjende for å gjere nasjonale tiltak for å hindre innførsel av desse sjukdommane i samsvar med artikkel 43 nr. 2 i direktiv 2006/88/EF

Sjukdom	Medlemsstat	Kode	Geografisk avgrensing av området som er omfatta av godkjende nasjonale tiltak
Vårviremi hjå karpe (SVC)	Danmark	DK	Heile territoriet
	Irland	IE	Heile territoriet
	Ungarn	HU	Heile territoriet
	Finland	FI	Heile territoriet
	Sverige	SE	Heile territoriet
	Det sameinte kongeriket	UK	Heile territoriet til Det sameinte kongeriket Territoria til Guernsey, Jersey og Isle of Man
Bakteriell nyresjuka (BKD)	Irland	IE	Heile territoriet
	Det sameinte kongeriket	UK	Territoriet til Nord-Irland Territoria til Guernsey, Jersey og Isle of Man
Infeksiøs pankreasnekrose (IPN)	Finland	FI	Fastlandssonene til territoriet
	Sverige	SE	Fastlandssonene til territoriet
	Det sameinte kongeriket	UK	Territoriet til Isle of Man
Infeksjonar med <i>Gyrodactylus salaris</i> (GS)	Irland	IE	Heile territoriet
	Finland	FI	Nedbørfelta til Tenojoki og Näätamöjoki; nedbørfelta til Paatsjoki, Tuulomajoki og Uutuanjoki vert rekna som buffersoner
	Det sameinte kongeriket	UK	Heile territoriet til Det sameinte kongeriket Territoria til Guernsey, Jersey og Isle of Man

Sjukdom	Medlemsstat	Kode	Geografisk avgrensning av området som er omfatta av godkjende nasjonale tiltak
Østersherpesvirus 1 µvar (OsHV-1 µvar)	Irland	IE	Segment 1: Sheephaven Bay Segment 3: Killala Bay, Broadhaven Bay og Blacksod Bay Segment 4: Streamstown Bay Segment 5: Bertraghboy Bay og Galway Bay Segment 6: Poulnasharry Bay Segment A: Tralee Bay Hatchery
	Det sameinte kongeriket	UK	Territoriet til Storbritannia, bortsett frå River Roach, River Crouch, Blackwater Estuary og River Colne i Essex, nordkysten av Kent, Poole Harbour i Dorset og River Teign i Devon Territoriet til Nord-Irland, bortsett frå Dundrum Bay, Killough Bay, Lough Foyle, Carlington Lough og Strangford Lough Territoriet til Guernsey
Infeksjon med salmonid alfavirus (SAV)	Finland	FI	Fastlandssonene til territoriet»

2) Vedlegg III til avgjerd 2010/221/EU skal lyde:

«VEDLEGG III

Medlemsstatar og område i medlemsstatar som har program for overvaking av østersherpesvirus 1 µvar (OsHV-1 µvar), og som er godkjende for å gjere nasjonale tiltak for å nedkjempe denne sjukdommen i samsvar med artikkel 43 nr. 2 i direktiv 2006/88/EF

Sjukdom	Medlemsstat	Kode	Geografisk avgrensning av området med godkjende nasjonale tiltak (medlemsstatar, soner og segment)»